



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

1976

Namnet på vatnet Fjellestad vatnet
Kommune Bjerkreim

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

FUGLESTADVATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 10 aug. 1976.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, på sørsida av vegen mellom Søyland og Nedrebø, og med Holmafjellet i sør.

Arealet er omlag 50 ha. og h.o.h. 220 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men der er store grunnlendte partier nær land, sjølv om det sikkert på sine stader vil vera ganske djupt utpå.

Stranda består for det meste av stein med noko sandstrand innimellom. Grunnfjellet støyter fleire stader like til vatnet. Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras og algevegetasjon vil ein finna frå strandkanten og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark, myr og snaufjell.

Ei rekkje større og mindre bekketilsig fell inn på sørsida og størst av desse er bekken som kjem frå "Berestjørna" m.fl.

Avlaupet renn ut i aust til "Byrkjelandsvatnet".

Vatnet er regulert ca. 2.0 m.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er heile 15.0 m og fargen på vatnet blålig-grøn.

Dette indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5.6 som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.6 mg/l og den totale hardheita 3.6 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 38.2.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke ein botnprøve på 2.0 m djup og resultatet her vart 11 fjærmygglarver, 1 fjærmyggpuppe, 1 fåbørstemark og 1 musling - samla 140 individ pr. m². Etter som det ser ut er det heller lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne myggpupper, stankelbein, maur, sikader, vannkalvlarver, vårflugelarver, biller, luftinsekter og buksvømmere.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50 m og eit vertikalttrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige og dyreplankton dominerte.

Fisk m.v.


Følgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvasssaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 5 aurar og 25 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framstilling av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av dei 5 aurene og alle var lys-røde i fiskekjøttet.

1 fisk var svakt angripen av parasittar.

Vidare var der 2 hønfishkar og 3 hofiskkar.

Alle fiskane var gytefisk - ingen gjellfisk.


Medel fyllingsgrad 4,6.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.4	9.7	13.9	18.1	20.5	19.4
Årleg lengdetilvekst i cm	5.4	4.3	4.2	4.2	2.4	1.1
Antall fiskar	5	5	5	5	4	1

Medel kondisjonsfaktor = 1,03 tilseier fisk av bra kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Fuglestadvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Fuglestadvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst dei 2 fyrste åra, men etter denne tid går det jamt nedover. Den knekken kurven gjer ved 5 års alder skuldast berre 1 fisk, så det kan ein sjå bort i frå. Det er truleg at den forlenga lina frå 5. året er meir rett og at auren går mot ei maksimal lengd på ca. 24 cm. Nå vil der sjølvsagt finnast ein del aure som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og med eit fiskebestand som er i overkant av vatnet si bæreemne.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse godt brukande for aure og røyr. For skuld regulering gav botnprøven eit heller magert resultat og omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner det er småfisken som dominerar.

Vekstkurven er heller ikkje så god som ynskjeleg.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei stor rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil tilsiga herfrå alltid føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Fuglestadvatnet er tåleg bra i så måte og tilsiga frå kulturbeiter m.v. dreg i positiv lei. Storparten av nedslagfeltet må likevel seiast å vera skrint og der grunnfjellet mange stader ligg oppe i dagen.

Då vatnet er regulert ca 2,0 m vil dette redusere næringsforrådet. Det er i den lyse og varme strandsona at storparten av næringsdyrproduksjonen føregår, slik at mange av næringsdyra vil gå til grunne ved heving og senking av vassnivået.

Ser vi på fisken vi fekk, så er det grunn til å tru at røyra er i ferd med å erobre vatnet og at auren er på tilbakegang.

Gytetilhøva for auren er også dårlege både i tilsig og avlaup - noko som fører til sviktande rekruttering av dette fiskeslaget. Røyra derimot ser ut til å ha gode formeringstilhøve, og den har også stor formeringsemne, og fylgjeleg har det lett for å føre til overbefolkning om ein ikkje gjer sitt beste for å halde bestandet i sjakk.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Fuglestadvatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag (fiskelag), då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med utfisking av røyr. Slik tilhøva er i dag, er røyra småfallen og på langt nær

av den kvalitet den kunne ha blitt ved å tynne ut bestandet. Då vatnet er såpass oversiktelig, skulle det ikkje by på så store vanskar å redusere røyrbestandet. Ein må her lokalisere gyteplassane å setje småmaska garn (omf.26-32) ved gytetider om hausten. Ved å kjøpe inn 6-8 garn og drive utfisking med desse, vil ein innan få år få fram ein mykje god kvalitet og storleik på røyra. Om botntilhøva er slik, at det er mogeleg å bruke kastenot, er dette ein effektiv måte å drive utfisking på. Når det gjeld aurebestandet, så ser dette ut til å vera lite i Fuglestadvatnet i dag. Ved å minske røyrbestandet vil nok tilhøva for auren bli betre, men gytetilhøva er såpass dårlege at ein neppe kan rekne med ei tilfredstillande rekruttering i åra framover. Syner det seg å vera behov for det, kan ein setje ut noko settefisk av aure og fylgje med korleis det vil gå. Då vatnet ligg lageleg til for sportsfiske, må grunneigarane gå i gang med fiskekortsal for stangfiske medan de sjølve har hand om garnfisket. På denne måten vil ein kunne utnytte vatnet til beste for alle og grunneigarane vil kunne få nokre ekstrainnkomer. Dei tiltaka som her er peika på må ein prøve å kome i gang med snarast og underskrivne vil om ynskjeleg hjelpa til i så måte.

Stavanger 11. mars 1977

Einar Berg